



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 26. april 1995

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Sundag 30. april og måndag 1. mai er statsministeren i Årdal i Sogn, i samband med 1. mai-feiringa. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Følgjet bur på Klingenberg Hotell på Årdalstangen, telefon 57 66 11 22 - telefaks 57 66 01 35.

Statsministeren kjem til Årdal sundag 30. om kvelden. Kl. 20.00 er ho med på Framlaget sitt "Syng med oss"-arrangement, på Samfunnshuset i Øvre Årdal. Kl. 20.50 møter ho representantar for Årdal kommune, leiinga i Hydro Årdalstangen, fagorganisasjonar og 1. mai-komitéen, til middag i Gjestehuset på Hydro Årdalstangen.

Måndag 1. mai kl. 08.00 deltek statsministeren ved flaggheisinga ved Rallarmonumentet i Øvre Årdal, og ved frukosten i Samfunnshuset etterpå. Kl. 09.30 vert statsministeren vist rundt på Hydro Øvre Årdal. Kl. 13.00 deltek ho i 1. mai-toget i Øvre Årdal, der ho held talen for dagen. Kl. 16.00 deltek statsministeren i 1. mai-toget på Årdalstangen, der ho held appell. Kl. 17.00 vitjar statsministeren eldretreff på Samfunnshuset på Årdalstangen. Ho reiser til Oslo om kvelden.

Onsdag 3. mai frå kl. 11.00 til 20.00 deltek statsministeren i markeringa av minnet om nedbrenninga og gjenreisninga av Finnmark og Nord-Troms, i Hammerfest, saman med kongeparet, stortingspresidenten, forsvarsministeren og veteranar. Statsministeren talar under festførestillinga i Isbjørnhallen kl. 11.30. Ho deltek i vitjinga i Havnefjorden på Sørøya, er til stades når Kongen heidrar minnet om dei falne kl. 15.45, er til stades ved markeringa av eit gjenreisingsmuséum kl. 16.15, deltek i gudsteneste kl. 17.00 og er med på veteranmottaking kl. 18.00.

For fleire detaljar viser vi til melding herfrå 3. april. Presseansvarleg for markeringa i Hammerfest er informasjonssjef Øivind Østang, Statsministerens kontor.

Laurdag 6. mai mellom kl. 11.00 og 14.30 deltek statsministeren i markeringa av Oscarsborg festning si rolle under det tyske åttaket i april 1940, på festningen, saman med Kongen, stortingspresidenten, forsvarsministeren og veteranar. Statsministeren er til stades når Kongen og stortingspresidenten heidrar dei falne, når Kongen avdukar statue av

oberst Birger Eriksen, og i veteranmottaking.

For fleire detaljar viser vi til melding herfrå 3. april. Presseansvarleg for markeringa på Oscarsborg er førstekonsulent Anne Rikter-Svendsen, Utanriksdepartementet/Presseseksjonen, telefon 22 34 31 42.

Sundag 7. mai mellom kl. 11.00 og 17.00 er statsministeren i Narvik i samband med avdukinga av Frihetsmonumentet der, saman med Kongen, stortingspresidenten, forsvarsministeren, representantar for allierte og nordiske land, og veteranar. Statsministeren deltek i gudsteneste kl. 11.00, er gjest ved ei mottaking kl. 12.00, er mellom talarane i samband med at Kongen avdukar Frihetsmonumentet kl. 13.00, og er vert for ein lunsj kl. 14.30.

For fleire detaljar viser vi til melding herfrå 3. april. Presseansvarleg for markeringa i Narvik er informasjonssjef Øivind Østang, Statsministerens kontor.

Måndag 8. mai deltek statsministeren i dei nasjonale markeringane av frigjeringsdagen, i Oslo, saman med kongefamilien, stortingspresidenten, høgsterettsjustitiarius, medlemmer av storting, høgsterett og regjering, representantar for allierte og nordiske land, og veteranar. Statsministeren er til stades i minnemøte i Stortinget kl. 10.00, under veteranparaden forbi Stortinget frå kl. 10.40, under minnehøgtida ved Nasjonalmonumentet kl. 12.00, er vert for veteranmottaking på Akershus festning kl. 12.30, overrekkjer heidersbrev til Røde Kors i Danmark og Sverige - i Oslo Militære Samfund kl. 14.30, er mellom dei som legg ned krans ved Krigsseglarmonumentet på Bygdøyenes kl. 16.00, og held tale under festførestillinga i Oslo Spektrum kl. 19.30.

For fleire detaljar viser vi til melding herfrå 3. april. Presseansvarleg for markeringane i Oslo, med unntak av minnemøtet i Stortinget, er informasjonssjef Øivind Østang, Statsministerens kontor.

Tysdag 9. mai er statsministeren i Moskva, i samband med den russiske markeringa av fredsdagen, og for å ha politiske samtalar. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Vi kjem attende med fleire detaljar.

Vi gjer merksam på at vi i denne meldinga har teke med berre dei hovudmarkeringane av Frigjeringsjubiléet der statsministeren deltek. Meldinga herfrå 3. april gjev samla oversikt over markeringane.